



Nav Fensfjorden  
Fensfjordvegen 615 H0301  
5986 Hosteland

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

## Vedrørende tilbakebetaling av midlar frå tilskotet til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret

Vi viser til vårt brev datert 22. februar 2023. Vidare viser vi til seinare korrespondanse i saka, seinast dykkar e-post 15. mars 2023.

Vi legg til grunn opplysninga dykkar om at Nav Fensfjorden i lag med dei andre kommunane i region Nordhordland har oppretta to stillingar som arbeider dedikert opp mot ungdom og jobb, og at desse to stillingane sørvar og følgjer opp brukarar frå blant anna området til Nav Fensfjorden. Vidare legg vi til grunn at dei to stillingane bruker erfaringane frå prosjektet «Marknadskontakt Nav Fensfjorden» i arbeidet sitt og at den eine av dei tilsette arbeidde i prosjektstillinga.

På denne bakgrunn finn vi at de har implementert så store element frå prosjektet i ordinær drift, at vi kan fråfalle tilbakebetalingskravet til 18 213 kroner sjølv om dei to stillingane ikkje vert løna over prosjektrekneskapen til «Marknadskontakt Nav Fensfjorden».

De treng såleis ikkje tilbakebetale noko av prosjekttilskotet for 2022.

Vi ønskjer dykk lykke til i det vidare arbeidet med å hjelpe unge som står utanfor utdanning og arbeid, inn i meningsfull aktivitet.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen  
seksjonssjef

Tor G. Turøy  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Kopi til:

Masfjorden kommune v/Oddvin Arne Neset  
Arbeids- og velferdsdirektoratet v/Kjersti With Eidsmo Urbye